



Samnanger kommune



Økonomiplan

2015 – 2018

STYRINGSDOKUMENT – ØKONOMIPLAN 2015-18

Innleiing

Det er mange område, tenester og problemstillingar med verknader for kommunen sin økonomi som burde fått større merksemd i dette dokumentet. Tid og ressursar har ikkje gjort det mogleg å vera så presise som ønska. Utgangspunktet for arbeidet med økonomiplan er at nivået på tenestene skal haldast oppe på om lag same nivå som i dag sjølv om me i slutten av planperioden får dobla finansutgiftene våre. Dette er sjølv sagt ikkje mogleg og reduksjonar må til. Innføring av eigedomsskatt for alle type eigedomar er den moglegheita Samnanger kommune har for å avgrensa negative konsekvensar for tenestene. Eit anna grep er effektivisering.

DEL 1 –Føresetnader

Sentrale føringar

Kommuneøkonomiproposisjonen

Regjeringa la i mai 2014 fram kommuneøkonomiproposisjonen. Dette dokumentet skal gje informasjon om kva kommunane kan venta for komande år. Det var berre små endringar i det økonomiske opplegget i høve til gjeldande rammetilskot. Fylkesmannen i Hordaland har i skriv gitt fylgjande informasjon:

”Kommuneoppdraget for 2015 - generelt

Det er gitt signal om ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane på mellom kr. 3 ¾ mrd. og kr. 4 ¼ mrd. frå 2014 til 2015. Veksten er rekna på grunnlag av det inntektsnivået for i år som no blir lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett. Dersom skatteveksten i år blir større enn påreknad, blir inntektsveksten frå 2014 til 2015 tilsvarande lågare.

Denne veksten i dei frie inntektene er realauke, det vil seie at prisjustering til 2015-kroner vil kome som eit tillegg. Prisindikatoren som vil bli nytta ved prisjustering av bl.a. dei frie inntektene, vil bli kjent i statsbudsjettet til hausten.

Skatteøyret blir fastsett først i statsbudsjettet for å tilpassa skatteveksten til ei målsetjing om at skatteinntektene skal utgjere 40 prosent av kommunane sine samla inntekter.

Det er lagt opp til at auken i dei frie inntektene frå 2014 til 2015 skal dekkja auka ressursinnsats i kommunane til:

1. Auka utgifter som følgje av befolkningsutviklinga, både med omsyn til folkevekst og alderssamansetjing. Det er lagt til grunn at av veksten i dei frie inntektene vil om lag kr. 2,7 mrd. gå til auka utgifter knytt til befolkningsutviklinga for kommunane. Heile denne utgiftsveksten er knytt til primærkommunane.

2. Pensjon. For kommunane kan pensjonskostnadene samla kome til å auka med om lag kr. 0,45 mrd., utover det som blir kompensert gjennom prisjustering av inntektene (prisindikatoren i statsbudsjettet).

Auken i pensjonspremie i dei siste åra skuldast bl.a. lønsutviklinga og låg rente. Auka levealder har også medført auka pensjonspremiar. Redusert amortiseringstid for premieavvik (for nye premieavvik frå og med 2014) frå ti år til sju år, vil bidra til å auka dei årlege amortiseringskostnadene og derav pensjonskostnadene.

3. Rus og psykisk helse. Kr. 200 mill. av veksten i dei frie inntektene er knytt til behovet for å styrka dei kommunale tenestene til personar med rusproblem (a) og personar med psykiske lidningar (b). Fordeling av inntektene er gjort etter delkostnadsnøkkel i inntektssystemet for sosialhjelp (a) og helse (b).
4. Kr. 200 mill. av veksten i dei frie inntektene er knytt til behovet for å styrka helsestasjon- og skulehelsetenesta. Det er ei ekstra satsing i 2015 utover den fordelinga - kr. 180 mill. - som ligg i ramma for 2014 (tabell C, kolonne 4 i «Grønt hefte»). Samla tilskotsnivå i 2015 blir difor kr. 380 mill.

Fordelingsnøkkelen mellom kommunane vil vere som i 2014, det vil seie talet på innbyggjarar 0 - 19 år og minstenivå kr. 100.000,- pr. kommune.

Samhandlingsreforma

Det blir gjort framlegg om å avvikla kommunal medfinansiering frå 2015.

Kompensasjon i samband med ansvaret for medfinansiering og betaling for utskrivingsklare pasientar blei innarbeidd i rammeoverføring i 2012 med kr. 5567 mill. (2012 - kroner).

Kompensasjon er prisjustert i 2013 og 2014. Om lag 90 prosent av kompensasjonen er knytt til ansvaret for medfinansiering og om lag 10 prosent av kompensasjonen er knytt til betaling for utskrivingsklare pasientar.

Kompensasjon for ansvaret for medfinansiering blir trekt ut av rammeoverføring til kommunane i 2015. Det er lagt opp til at det samla uttrekket i 2015 skal byggje på kommunane sine pårekna faktiske utgifter i 2015 dersom dei framleis hadde hatt ansvaret for medfinansiering. Det vil vere grunnlaget i statsbudsjettet for å fastsetje den totale ramma som skal bli trekt frå kommunane. Deretter vil trekket mellom kommunane bli fordelt etter delkostnadsnøkkelen for samhandlingsreforma (ikkje dei faktiske utgiftene til medfinansiering i den einskilde kommune).

Kompensasjon for betaling for utskrivingsklare pasientar blir vidareført og fordelt mellom kommunane etter delkostnadsnøkkel for pleie og omsorg.

Det blir ei plikt for kommunane frå 1.januar 2016 å tilby døgnopphald for personar med trong for slik hjelp, med ein gong. Finansieringa er delt mellom halvdelen som øyremerka tilskot og halvdelen frå dei regionale helseføretaka.

Det er lagt opp til ei gradvis utviding av tilbudet til alle kommunane. Ved utgangen av 2013 har 206 kommunar i landet motteke tilskot til føremålet.

Inntektssystemet i 2015

Veksttilskot

Veksttilskotet blir auka slik at fleire kommunar vil få tilskot og tilskotsnivået for aktuelle kommunar blir høgare. Totalt aukar veksttilskotet i landet frå kr. 61 mill. i 2014 til kr. 344 mill. i 2015.

Kommunen må ha hatt ein årleg gjennomsnittleg folkevekst dei siste tre åra over 1,7 prosent for å få tilskotet. Det blir gitt kr. 60.000,- for kvar innbyggjar over denne vekstgrensa. Auken i samla tilskot for kommunane blir finansiert gjennom trekk i innbyggjartilskotet.

Vekstgrensa for å få veksttilskot har til no vore gjennomsnittleg årleg befolkningsvekst på 175 prosent av gjennomsnittleg årleg befolkningsvekst i landet, for dei siste tre åra. I den nye ordninga vil det berre vere befolkningsvekst i eigen kommune som er avgjerande, ikkje vekst i høve til veksten i landet.

Kommunane må ha eit skattenivå under 140 prosent av landsgjennomsnittet for å få veksttilskot, både i noverande og i ny ordning.

Distriktstilskot

Det blir endring i distriktstilskotet for Sør - Noreg. Det vil ikkje lenger vere nokon differensiering mellom soner - berre etter distriktsindeks. Tilskot vil byggje på oppdatert distriktsindeks frå 2013. Det blir auka tilskotssats for kommunar med indeks 0 - 35.

Det vil bli redusert tilskot for kommunar som har vore plassert i sone IV og kommunar som får auka verdi på distriktsindeksen. Redusert distriktstilskot vil bli teke omsyn til gjennom overgangsordninga INGAR.

(Førebels melding inneber at Samnanger kommune ikkje er omfatta av endringa)

Inntektssystemet - utviklinga i dei komande åra

Det er lagt opp til at skattedelen av inntektene i 2015 for kommunane samla skal vere på same nivå som i 2014, det vil seie 40 prosent.

Fram mot kommuneproposisjonen for 2016 vil det bli vurdert ulike modellar for tilbakeføring av delar av selskapskatten til kommunane.

I kommuneproposisjonen for 2017 vil det bli ei gjennomgang av :

- regionalpolitiske tilskot (småkommunetilskot m.m.)
- kostnadsnøklane i utgiftsutjamninga
- skattedelen av inntektene.

Skjønstilskot for 2015

Basisramme skjønstilskot for kommunane samla i landet blir redusert med kr. 100 mill. frå 2014 til 2015. Ramma blir ikkje prisjustert.

Kr.100 mill. i skjønstilskot til inntektssvake kommunar i Sør - Noreg blir teken bort. Det samla trekket i ramma for skjønstilskot (trekk basis og for inntektssvake kommunar), kr. 200 mill., blir overført til kommunane sitt innbyggjartilskot. Det vil seie lik fordeling av inntektene pr. innbyggjar i utgangspunktet og deretter korrigering for utgiftsutjamninga.

Det vil også i 2015 bli teke omsyn til kommunar som fekk høgaste arbeidsgjevaravgift frå og med 2004, utan å ha blitt tilbakeført til sone med lågare arbeidsgjevaravgift seinare (2007). Nokre kommunar vil kunne få lågare arbeidsgjevaravgift frå 01.juli 2014, men det vil ikkje bli nokon tilsvarande reduksjon i skjønnsramma i år. For 2015 vil det bli reduksjon i skjønnsramma tilsvarande ei eventuell reduksjon i arbeidsgjevaravgifta. Reduksjonen omfattar dei kommunane som er kompensert for høgare arbeidsgjevaravgift frå 2004.

Kr.400 mill. i årleg skjønstilskot blei innført frå og med 2011 til kommunar som årleg taper meir enn kr. 100,- pr. innbyggjar på endringane i inntektssystemet frå 2011. Denne ramma blir fordelt av departementet (KMD) mellom kommunane. Fordelinga ligg fast med same beløp årleg til dei aktuelle kommunane til neste revisjon av kostnadsnøkklane i inntektssystemet.

Kommunereform

Det er lagt opp til regionale prosessar i perioden 2014 - 2016. Vi viser til kommune-proposisjonen del 2 *Kommunereform*. Vi vil i dette brevet berre kortfatta orientera om dei økonomiske virkemidlane i reformperioden.

Inndelingstilskot

Inndelingstilskotet blir vidareført i reformperioden lik noverande ordning, det vil seie kompensasjon for bortfall av basistilskot (kr. 12,3 mill. i 2014) og netto nedgang i regionalpolitiske tilskot (småkommunetilskot m.m.). Kommunane vil få tilskotet i 20 år, med nedtrapping i dei siste fem åra av 20 årsperioden.

Det er lagt opp til å stramma inn ordninga etter reformperioden, men dei kommunane som på det tidspunktet har inndelingstilskot, vil få det vidareført.

Eingongskostnader

Det vil bli gitt tilskot til dekning av eingongskostnader etter ein standardisert modell, utan søknad. Tilskot er eingongstilskot. Tilskotet blir differensiert etter talet på kommunar og talet på innbyggjarar i samanslåinga. Tilskotet vil vere frå kr. 20 mill. til kr. 65 mill. Oversynet under er ikkje fullstendig, men omfattar dei alternativa som er mest aktuelle i fylket.

Talet på kommunar og innbyggjarar i samanslåinga, med tilskot :

To kommunar, 0 - 19999 innbyggjarar	kr. 20 mill.
To kommunar, 20000 - 49999 innbyggjarar	kr. 25 mill.

Tre kommunar, 0 - 19999 innbyggjarar	kr. 30 mill.
Tre kommunar, 20000 - 49999 innbyggjarar	kr. 35 mill.
Fire kommunar, 0 - 19999 innbyggjarar	kr. 40 mill.
Fire kommunar, 20000 - 49999 innbyggjarar	kr. 45 mill.
Fem eller fleire kommunar, 0 - 19999 innbyggjarar	kr. 50 mill.
Fem eller fleire kommunar, 20000-49999 innbyggjarar	kr. 55 mill.

Reformtilskot

Det vil bli gitt reformtilskot til kommunar som får over 10 000 innbyggjarar i samanslåinga. Det vil erstatta tidlegare tilskot til infrastrukturtiltak. Tilskot blir gitt etter ein standardisert modell - ikkje søknad - med utbetaling på tidspunkt for samanslåinga.

Talet på innbyggjarar i samanslåinga, med reformtilskot :

0 - 10 000 innbyggjarar,	0
10 000 - 14 999 innbyggjarar	kr. 5 mill.
15 000 - 29 999 innbyggjarar	kr. 20 mill.
30 000 - 49 999 innbyggjarar	kr. 25 mill.
Over 50 000 innbyggjarar	kr. 30 mill.

Skjønstilskot

Noverande ordning med skjønstilskot frå departementet (KMD) til utgreiing av kommunestruktur blir avslutta. Det er ei endring også i høve til vårt brev til regionråda og kommunane av 22.april d.å. om skjønstilskot til fornying- og utviklingsprosjekt. Tilskot til utgreiing av kommunestruktur kan no berre bli gitt av Fylkesmannen sine skjønsmidlar.

Inndelingslov

Det blir ikkje vurdert å vere behov for endring i inndelingslova. Lova vil difor ikkje bli endra. Rundskriv vil bli justert. ”

Verknader for Samnanger

Det er lagt inn auka overføringar til dei kommunane som vekst mest. Dette vert betalt ved å redusera overføringane frå kommunar med mindre vekst enn 1,7% årleg. For Samnanger utgjer det i 2015 ein reduksjon i rammetilskotet på kr 130.000. Det var vidare varsla at kommunane sin medfinansiering av sjukehusdrifta skal takast bort. I framlegg til økonomiplan er kr 2.5 mill. trekt ut både som utgift og som inntekt. Det var venta auka overføring til drift av barnehagane sidan veksten i tal plassar har auka vesentleg meir enn det som regjeringa la til grunn i statsbudsjettet for 2014. Dette kom ikkje.

Det skal ytast tilskot til arbeid med kommunesamanslåing. Alle tilskot skal f.o.m. 2015 takast av skjønsmidlane som fylkesmannen disponerer. Det er usikkert kva verknad det vil ha å seia for dei

”ordinære” skjønsmidlane, men det kan bety at Samnanger får redusert skjønstilskot. Dette er ikkje teke omsyn til i framlegg til økonomiplan.

Kommunereform

Den varsla kommunereforma vil få konsekvensar for Samnanger kommune. Sjølv om endringar i kommunestrukturen neppe er gjennomført innan økonomiplanperioden, er signala slik at det truleg vert gjort endringar i dagens måte å fordela pengar til kommunane i planperioden. Det skal i tilfelle skje frå 2017. Småkommunetilskotet er eit av dei områda som skal sjåast på. Samnanger kommune mottok i dag vel 5 mill. kroner over denne ordninga. I framlegg til økonomiplan er det ikkje lagt inn reduksjonar utover dei som i dag er kjende.

Samhandlingsreforma

Det er varsla omlegging av finansieringa av samhandlingsreforma. I første omgang gjeld det på medfinansiering av pasientar på sjukehus. I dag får kommunane eit øyremerkja tilskot basert på historiske tal som for nokre kommunar er tilstrekkeleg til å betala rekninga frå sjukehusa og for andre ikkje. Kommunane står fritt til å bruka evt ”overskot” på desse midlane. For Samnanger har avviket ikkje vore stort. I 2012 løyvde me 100.000 kroner og i 2013 måtte me ut med 50.000 kroner meir. F.o.m. 2015 opphøyrer ordninga, og 2.5 mill. kroner er trekt ut av budsjettet. (Dvs. netto kr 0).

Ei anna side ved samhandlingsreforma som me no ser mykje tydelegare enn i starten av reforma er at såkalla utskrivingsklare pasientar er mykje meir pleietrengande enn tidlegare. Det har m.a. gjort at sjukeheimen i år har mange fleire bebuarar enn føresett, og dette er krevjande brukarar. Det er ein diskusjon sentralt om dette er ei forsvarleg handtering, men så langt har det ikkje kome signal om ei reversering av dagens praksis eller ein aksept for å dekkja dei auka utgiftene på kommunane.

Lokale vedtak og føringar

Gjeldande økonomiplan 2014 - 2017 vart vedteken av kommunestyret i desember 2013. Dette er det mest sentrale lokale dokumentet i arbeidet med økonomiplan for dei komande 4 åra. Fleire store investeringar har og vil få vesentleg innverknad på kommunen sin økonomiske handlefridom langt ut over økonomiplanperioden. Rekneskapen for 2014 vart lagt fram med ei underskot. Delar av dette skuldast meirforbruk i tenesteproduksjon, eit meirforbruk (dvs. forbruk ut over vedteken økonomisk ramme) som også gjer seg gjeldande i 2014 og også for planperioden.

I økonomiplan er det utbygging av Samnangerheimen og senter funksjonshemma som er dei to store tiltaka som skal realiserast dei næraste åra. Førebels oversikt kan tyda på at det er behov for nokre meir midlar til senteret enn dei 8,7 mill. kroner som er løyvd. Arbeidet med bygging av sjukeheimen vart lyst ut på tilbod i mai, og først i slutten av juni 2014 veit me om dei avsette midlane – 100 mill. kroner brutto – er tilstrekkeleg.

Økonomiske føresetnader

Utviklinga i kraftmarknaden har innverknad på kommunen sine inntekter frå sal av konsesjonskraft. Den kan også indirekte ha innverknad på eigedomsskatt frå kraftverka. Endringane i rammetilskotet med auka overføringar til vekstkommunane har direkte innverknad på Samnanger. Alt frå 2015 går inntektene ned som fylgje av dette. Regjeringa har varsla gjennomgang av fleire element i rammetilskotsordninga frå 2017. Kva verknader det vil ha er vanskeleg å veta, men det er grunn til å tru at småkommunetilskotet vert redusert, noko som me vil merka. I økonomiplan er me optimistiske med tanke på folkeveksten og me har lagt til grunn at den vil auke meir enn landsgjennomsnittet men mindre enn det som skal til for å få vekstkommunetilskot. Det gjer at me har lagt inn ein auke i rammetilskot på ein halv million ut over det som framskrivinga av rammetilskotsmodellen legg opp til.

Det er føresett i økonomiplan at sjølvkost er nytta fullt ut for alle tenester der det er høve til. Inntektene frå forvaltningsoppgåver som byggjesak, planhandsaming og oppmåling har auka ein god del dei siste åra. Det er ikkje grunn til å tru at desse vil auka ytterlegare, men at me vil halda om lag same nivået som i inneverande år.

Samnanger kommune har fleire type inntekter knytt til kraftproduksjon. Av desse er det sal av konsesjonskraft det hefter mest usikkerheit ved. For 2014 har me selt til fastpris ca kr 4,4 mill. Prognosane i dag for perioden 2015 -2018 tilseier langt lågare prisar framover. Me har lagt til grunn eit meir optimistisk overslag enn det prognosane tilseier.

Andre inntekter er også budsjettert optimistisk. Det er m.a. lagt til grunn at me får flyktingtilskot utover gjeldande regelverk.

Med dei store investeringsprosjekta vil Samnanger kommune liggja på topp i lånegjeld målt som kr pr. innbyggjar. Finanskostnadene våre aukar frå 8 mill kroner i 2014 til vel 16 mill. i 2018. Også når det gjeld rentekostnad er den lagt lågt ved at me budsjetterer med låg rentesats. For delvis å kompensera for dette har me oppretta eit mindre rentekompensasjonsfond. Utfordringane våre er å få rom til å gjennomføra dei store investeringar. Renter og avdrag skal betalast, noko som gjer at den ordinære drifta må reduserast. Det er ikkje lagt inn midlar til nye tiltak.

I planperioden tilseier elevtalet at det vert endringar i tal klasser. Det gjer at det er variasjon i utgiftene på skuleområdet.

I planperioden skal ny sjukeheim og nytt senter for funksjonshemma takast i bruk. Arbeidet med desse er ikkje kome så langt at kostnad med drifta er vurdert. I planen er det likevel lagt til grunn ein effektiviseringsgevinst på sjukeheimen. I den mellombelse driftsfasen gjeld det redusert bemanning på kjøkkenet. Når ny sjukeheim står ferdig, har me lagt inn forventningar om rimelegare drift – i pleie, til reinhald og til straum. Me veit at det også vert meir effektiv drift ved senteret, men storleiken på reduksjonen her er så usikker at me vel å avvente med å foreslå endringar.

Organisasjonsmessige føresetnader

Utgangspunktet for økonomiplanen er dagens kommunestruktur. Rådmannen arbeider med ein gjennomgang av den administrative organisasjonen. Dette arbeidet skal vera ferdig hausten 2014. Utgangspunktet for det arbeidet er at oppgåvene må løysast innan eksisterande stillingsbudsjett. Målet er å få til ein mest mogleg effektiv organisasjon.

Når det gjeld den politiske organiseringa, har dette vore tema tidlegare. Med tanke på at det er val til nytt kommunestyre i 2015, bør det alt no startast ein prosess for å sjå på om dagens modell er den beste.

Interkommunalt samarbeid / kjøp av tenester frå andre kommunar kan vera aktuelt utover det me i dag har eller har fatta vedtak om. Erfaringar så langt tilseier at det ikkje er pengar å spara på interkommunalt samarbeid i høve til dei utgiftene Samnanger kommune har på tidspunkt for inngåing av avtalar. Jmf. brann og legevakt. I økonomiplanen legg me derfor til grunn at kostnaden vert den same som med dagens organisering.

Kompetente medarbeidarar er vesentleg for å halda opp kvaliteten på tenestene. Samnanger kommune bruker ein god del midlar på kursing og opplæring, men dette arbeidet må verta meir planmessig. Det vert stilt krav om at alle einingane skal utarbeida opplæringsplan ut frå behovet i eininga.

Sjukefråvær og anna type fråvær er ei utfordring på mange måtar. Arbeidsmiljøutvalet i Samnanger drøfter regelmessig sjukefråværet på dei ulike arbeidsplassane og vurderer kva tiltak som kan settast inn for å førebyggja stort fråvær. Tidlegare var det fastsett eit måltal for heile kommunen. Av ulike grunnar vil sjukefråværet variera frå ein type arbeidsplass til ein annan. Same måltal for alle arbeidsplassane/einingane vert derfor ikkje riktig. For 2014 er det derfor sett ulike måltal. Desse kjem ein attende til under presentasjonen av dei ulike einingane.

Samnanger kommune har teke i bruk styringsverktøyet BedreStyring for å ha større moglegheit til å driva fortløpande intern kontroll og til å vurdere om me har nått dei måla som er sett av kommunestyret. Me kan og samanlikna oss med andre kommunar. Fokuset vert på kvalitet på tenestene, økonomi, organisasjon og samfunn. Der me ikkje har fastsett eigne mål, legg me i denne omgang til grunn landsgjennomsnitt. Det er og gjennom lov og føresegnene sett krav til kvalitet t.d. til sakshandsamingstid, og gjennom ein systematisk rapportering/måling kan me sikra at me held minst denne kvaliteten.

Me har fleire verktøy til hjelp i dette arbeidet. Standardiserte brukarundersøkingar er utvikla for fleire tenester enn dei me har brukt til no. Me legg opp til at me tek i bruk alle dei undersøkingane som er tilgjengeleg gjennom betre kommunar. I det same systemet har me og tilgang til medarbeidarundersøkingar. Her vil arbeidet vårt vera på å få fleire til å svara på undersøkingane samt å fylgja opp resultatane på ein betre måte. Det skal gjennomførast brukarundersøkingar og medarbeidarkartlegging i partalsår.

Planar - Kommuneplan, delplanar, temaplanar

Samfunnsdelen av kommuneplan vert fortsett gjeldande. Arbeidet med rullering av arealplanen pågår med venta slutføring i juni 2015. Interkommunal plan for næringsareal for Os, Fusa og Samnanger er under arbeid og vil gå parallelt med arealplanen.

Det ligg vidare føre ei rekkje delplanar og temaplanar som gir føringar på utvikling av Samnanger kommune. Samfunnsdelen av kommuneplan inneheld ei rekkje mål, og desse er viktige for arbeidet med økonomiplanen. Av dei nyaste planane skal nemnast Kulturplanen, Folkehelseplan, Kulturminneplan og Områdeplan Bjørkheim. For å fylgja desse opp må det inn nye midlar eller det må gjerast omprioritering av midlar.

Reguleringsplan for industriområdet på Rolvsvåg er til slutthandsaming i kommunestyret i juni 2014. Det er trong for pengar for å gjera tomter klar for sal. Omfanget av tilrettelegginga er dels opp til kommunen å avgjera, men hovudinfrastrukturen i det nye området må kommunen ta ansvar for. Desse kostnadene får kommunen inn att gjennom tomtosal, men kommunen må forskottera utgiftene.

Områdereguleringsplan for Bjørkheim inneber opprusting av offentleg infrastruktur. Ein stor del av kostnaden her må kommunen ta. Sjå eige sak til kommunestyret den 18.06.2014.

Vedtak i konkrete prosjekt

Innan VA er det gjort ein del vedtak. Det er i økonomiplan føresett at alle nye investeringstiltak innan området må finansierast av brukarane. I tillegg til alt vedtekne prosjekt ser me og behov for nye tiltak. Arbeidet med framføring av vatn til Frøland og Totland er i slutfasen, og det er føresett at denne kostnaden vil finansierast av dei nye brukarane.

Teknisk eining har under arbeid ein oversikt over standarden på leidningsnett for vatn og avløp. Oversikten skal resultera i eit framlegg til ein handlingsplan. Oversikten så langt viser at det er store utfordringar mange stader med m.a. gamle rør som ligg svært utsett til med tanke på brekkasje. Ei svært alvorleg problemstillinga er at det er fare for at sprokne avløpsrør kan forureina vassforsyninga. Særleg ille er det på Indre-Tysse. Sjølv om me ikkje har handlingsplanen klar til handsaminga av økonomiplan, bør det i planen settast av midlar av ein viss storleik kvart år. Kvar midlane skal brukast vil verta bestemt gjennom eit seinare vedtak.

Arbeidet med utbygging av offentleg vatn og kloakk i Eikedalen har starta opp. I første omgang vert det lagt hovudleidning frå fylkesvegen og opp mot skisenteret. Det er politisk vedteke at det også skal leggjast ein hovudstamme frå vegkrysset til skisenteret mot Fossen Bratte. Dette prosjektet kjem ein attende til når ein har meir informasjon om det pågåande prosjektet. Kommunestyret har lagt til grunn at Eikedalen skal vera eige avgiftsområdet for vatn og avlaup, noko som inneber at kostnaden her ikkje påverkar satsane for dei andre abonnentane i kommunen elles.

Bygging av ny sjukeheim gir oss ein del utfordringar budsjetteringsmessig. Finansutgiftene er lagt inn i planen under gitt føresetnader. Byggeperioden er sett til 18 mnd. Med oppstart i september/oktober 2014 inneber det ei mellombels driftsfase i 2014 – 2016. Førrebels veit me

ikkje kva det medfører av endringar i driftskostnad. Det er pågåande samtaler med Vaksdal kommune om å få leiga lokale hjå dei til å drifta delar av sjukeheimen. Det skal gjennomførast drøftingar med dei tilsette, og me må og finna løysingar for lokalisering av dei andre aktivitetane på dagens Samnangerheim. I utgangspunktet er det rekna med at meirkostnadene vert relativt små. Den andre problemstillinga er verknaden økonomisk når ny sjukeheim står klar. Finansutgiftene er rekna inn. Det er vidare lagt til grunn ei meir rasjonell drift med innsparingar, noko som er delvis er lagt inn i økonomiplanen. Det er forventning om at innsparingane skal verta større.

Eit felles senter for personar med nedsett funksjonsevne er etterlengta av fleire grunnar. Det planlagte senteret legg til grunn butilbod til fleire enn i dag, noko som kan vera utfordrande i høve til kostnad. Sidan det er vesentleg effektiviseringsgevinst å drifta eit senter opp mot to som i dag, legg me likevel til grunn lågare utgifter til sjølve drifta enn i 2014. Pga stor uvisse, har me vald å halda driftsutgiftene på dagens nivå i heile perioden. Finanskostnadane basert på låneopptak på vel 8 mill. kroner er lagt inn i budsjettet.

KOSTRA-statistikk


I mykje av diskusjonen rundt budsjettarbeidet vert det referert til offentleg statistikk og særleg KOSTRA. Det er viktig at me er merksam på at det skjer endringar i måten denne statistikken vert bygd opp slik at me bruker informasjonen på rett måte. T.d vert det ført inn nye funksjonar og nye ansvar. Ved omorganisering i eigen kommune kan det også skje endringar på ansvar. Alt dette gjer at det ikkje alltid er lett å samanlikna over tid og mellom kommunar.

Økonomiplan 2015-2018

Inntekter

Konsesjonskraft:

Samnanger kommune har 22 321,1 MWh som dei siste åra er blitt selt på spotmarknaden. Over tid vil dette oftast gje det beste resultatet, men det er knytt ein del usikkerheit rundt kva inntekta vil bli. I 2014 har me valt å selja krafta til fastpris - ca kr 4,4 mill. Prognosane frå BKK i økonomiplanperioden ligg på ca kr 3 mill. pr. år, men me har vald å leggja inntektene 500.000 kroner høgare.



	2015	2016	2017	2018
Konsesjonskraft prognose	3 200 000	3 100 000	3 000 000	3 000 000
Tiltak	500 000	500 000	500 000	500 000
Sum konsesjonskraft	3 700 000	3 600 000	3 500 000	3 500 000

Eigedomsskatt

-verk og bruk

I Samnanger kommune er det skreve ut eigedomsskatt på verk og bruk med 7 promille. Eigedomsskattegrunnlaget for nett, anlegg og bygningar m.m. vert fastsett etter takst, medan grunnlaget for kraftanlegg vert fastsett av likningsmyndigheitene kvart år. Det vart gjennomført ny taksering i 2012 med verknad frå 2013. Me legg og til grunn at maks- takstsatsen blir inflasjonsjustert.

-andre eigedommar

Kommunestyret fatta i desember vedtak om at det frå 2015 skal skrivast ut eigedomsskatt for alle type eigedomar. Me er ikkje komen så langt i prosessen at me kan sei noko meir nøyaktig om inntektene enn det som er lagt til grunn i vedteken økonomiplan. Me budsjetterer med inntekter på kr 4 mill kvart år i planperioden. Det var i utgangspunktet budsjettert med at lån kr 1 mill frå fond Sima-Samnanger skal betalast tilbake i 2015, men utfordringar med auka utgifter mellom anna i pleie- og omsorg gjer at me har foreslått å utsetta tilbakebetaling til 2016.

	2015	2016	2017	2018
Eigedomsskatt verk og bruk	12 400 000	12 400 000	12 400 000	12 400 000
Eigedomsskatt andre	4 000 000	4 000 000	4 000 000	4 000 000
• Tilbakebetaling lån av fond	0	-1 000 000		

Andre inntekter knytt til kraft og konsesjon

Rolfsvåg kraftverk

Samnanger kommune eig 18 % av fallrettane i det omsøkte småkraftprosjektet i Sandelva i Rolfsvåg. Konsesjonssøknaden er no til høyring, og det er forventa svar tidleg i 2015. Kommunen vil få eigedomsskatt på ca kr 280 000 og i tillegg 18 % av forventa kraftinntekter på kr 511 000 som utgjer kr 92 000. Inntekta er lagt inn frå 2016, Dette kan vera litt tidleg.

Konsesjon Samnangervassdraget

BKK har søkt om ny konsesjon for Samnangervassdraget med to alternative løysingar. Det er pr.d.d. ikkje avklara når dei får konsesjon og kva konsesjon dei får, men me reknar med at dette vert bestemt sommaren 2014. Samnanger kommune har gått inn for alternativet med utbygging på Frøland. Det er truleg at det vert anleggsstart i planperioden, men skattlegginga her skjer av skattedirektoratet, og soleis vil me få inntektene på etterskot (2 år). Me har lagt inn eigedomsskatt frå 2017. Her kan det og vera andre type inntekter – konsesjonskraft evt. overføring til næringsfondet. Ingen av desse inntektene er teke med.

Opprusting linja til Evanger

Det er søkt konsesjon for opprusting av linja til Evanger. Legg me til grunn at taksten vert auka i samsvar med investeringane vil det gje ca kr 300.000 pr. år.

	2015	2016	2017	2018
Rolvsvåg kraftverk, skatt	0	280 000	280 000	280 000
konsesjonskraft	0	92 000	92 000	92 000
Konsesjon Samnangervassdraget	0	0	625 000	625 000
Opprusting av linja til Evanger	300 000	300 000	300 000	300 000

Skatt og rammetilskot

Folketalsauke

Nytt frå 2015 er eit veksttilskot til dei kommunane som dei 3 siste åra i snitt har hatt ein folkevekst over 1,7 % og som har eit skattenivå som er under 140 % av landsgjennomsnittet. Dette tilskotet blir finansiert gjennom trekk i innbyggjartilskotet. Det betyr at dei kommunane som ikkje har denne veksten får redusert tilskot. For Samnanger sin del betyr det at tilskotet vert redusert med ca kr 130 000. Dersom me har auke i folkeveksten på 1,7 % eller meir vil kvar innbyggjar gje kr 60 000 i auka rammetilskot. (1,7 % auke inneber 40 nye innbyggjarar årleg).

Gjennom rammetilskotet får kommunen eit tilskot frå staten pr innbyggjar. Rammetilskotet er fordelt på innbyggjartilskot, utgiftsutjamning og andre kriterier som t.d. tal personar som er registrert som psykisk utviklingshemma. Storleiken på utgiftsutjamningstilskotet er basert på ei rekke forskjellige kostnadsnøklar. Kostnadsnøklane er ei gjennomsnittsberekning av kor mykje ein person kostar kommunen. Kostnaden vil naturleg nok variera mellom dei ulike aldersgruppene. Dvs at tilskot pr barn/ eldre er høgare enn pr vaksen. I Samnanger er det noko ledig kapasitet både i barnehage og skule. Me kan derfor forventa at ei moderat folketalauke ikkje vil resultere i store ekstrautgifter. Det er i økonomiplanen budsjettert med KS sine prognoser, justert for folketal som pr 01.01.2014, skattevekst som for landsgjennomsnittet (-0,6%) og skjønsmidlar som for 2014. Me har i tillegg lagt inn noko skattevekst og auka ramme som resultat av auka folketal. Totalt kr 1,7 mill i planperioden. Fram mot kommuneproposisjonen for 2016 vil det bli vurdert ulike modellar for tilbakeføringa av delar av selskapskatten til kommunane. Endringar her vil trulege koma Samnanger til gode, men dette er ikkje lagt inn som auka inntekt i planperioden.

	2014	2015	2016	2017	2018
Rammetilskot	76 273 000	75 891 000	75 891 000	75 891 000	75 891 000
Skjønsmidler	2 000 000	1 800 000	1 800 000	1 800 000	1 800 000
Inntektsutjamning	410 000	410 000	410 000	410 000	410 000
Skatt	57 147 000	55 406 000	55 406 000	55 406 000	55 406 000
Naturressursskatt	4 470 000	4 470 000	4 470 000	4 470 000	4 470 000
Sum	140 300 000	137 977 000	137 977 000	137 977 000	137 977 000

Samhandlingsreforma

Det vert gjort framlegg om å avvikla kommunal medfinansiering frå 2015. Kompensasjon for ansvaret for medfinansiering blir trekt ut av rammeoverføringa til kommunane i 2015. Me har i budsjettet lagt opp til at denne omlegging ikkje påverkar botnlinja.

Øyremerka tilskot frå IMDI

Etter reglane får kommunane tilskot til busetting av flyktningar. Tilskotet vert gitt over 5 år med ei gradvis nedtrapping der tilskotet er størst dei to første åra etter busettinga. I tillegg kan det etter søknad ystast refusjonar av dokumenterte utgifter i særlege høve. Slik refusjon vert gitt i den same perioden som det vert gitt tilskot til busettinga. For oss betyr det ei kraftig nedtrapping av tilskota frå 2015, og frå mars 2016 får me ikkje øyremerkja tilskot i det heile. Me meiner at Samnanger kommune er i ein så pass spesiell situasjon at staten må inn og refundera kostnader i enda mange år. Kommunen må ta initiativ for å få tilskot lengre enn det regelverket tilseier. I økonomiplan har me lagt til grunn at me får gjennomslag for kravet vårt om meir tilskot. I 2015 er det lagt til grunn inntekter på 2,5 mill kroner. Utover i planperioden er det rekna med ca 700.000 kroner årleg ut over dagens reglar.


Utgifter

I konsekvensjustert budsjett er det lagt inn renter og avdrag for lån tatt opp tom 2014. Lånegjeld pr 31.12.2013 er på kr 152 mill. Det blir tatt opp eit nytt lån i 2014 på kr 17 mill. Styringsrenta, som blir fastsett av Norges Bank, er pr mai 2014 på 1,5 % og har stått uendra sidan mars 2012. Prognosane er at renta vil halde seg på låg. Styringsrenta påverkar i renta som blir tilbydt i låne marknaden, men det er og andre moment som spelar inn.

Renteføresetnader i økonomiplanen på lån:


	2015	2016	2017	2018
Rente	2,5 %	3 %	3 %	4 %

Det er lagt inn 5% rente frå 2019. Ei renteendring på 0,1 % på lån med flytande rente vil gje ei endring på ca kr 150 000.



Låneopptak i 2016 er på kr 1 mill

Grafen viser at kommunen si lånegjeld aukar til 201 mill kroner i 2015, dvs ein auke på 47 mill kroner frå 2014. Lån som gjeld startlån (til vidare utlån) og lån som er knytt til vatn og avløp skal i utgangspunktet betalast av brukarane. (Det kan likevel påløpa utgifter på desse låna som kommunen må ta over driftsbudsjettet, for eks startlån som ikkje er utlånt og/eller rentedifferanse mellom sjølvkostrenta og lånerenta.)



Grafen tek omsyn til vedtak om å betala minimumsavdrag og at renta i byggeperioden skal finansierast i investering. Rente og avdrag knytt til startlån og VA er og med i oversikta (ca 2,6 mill kroner)

Når det gjeld renter og avdrag, får kommunen ein auke fram mot 2020 då me skal betala totalt 16,5 mill kroner. I 2015 skal kommunen betala 11,4 mill kroner i rente og avdrag, av desse blir 1,2 mill ført i investering. Auken i denne perioden er på 6,3 mill kroner i drift. Dersom renta endrar seg med 1 % utgjer dette ei auke/ reduksjon på ca 2 mill kroner. Ein så stor sum gjer sjølvsgatt kommunen veldig sårbar for renteendring. Ei løysing kan vera å binde renta på

fleire lån. På sikt vil dette veldig sjeldan svare seg økonomisk, men kommunen vil ha meir kontroll på utgiftene. Ei anna løysing vil vera å bygga opp eit rentefond som ein har til å ta rentesvingingar. Dersom renta held seg stabil, vil desse pengane kunne omdisponerast på eit seinare tidspunkt. Den økonomiske situasjonen vår er slik at me ikkje ser det som mogleg å sette av særlege midlar til eit rentefond. Sjølv om det monner lite, har me likevel vald å øyremerkja til saman 200.000 kroner til dette føremålet.

Fond Sima-Samnanger

Samnanger fekk 8,2 mill kroner i kompensasjon for ulemper i samband med bygging av kraftlinjer mellom Sima og Samnanger. Det er gjennom Fylkesmannen avklara med departementet at desse midlane er å sjå på som øyremerka midlar som kan nyttast til drift og investering. Kommunestyret gjorde i sal 15/12 vedtak om korleis midlane skulle disponerast:

Breiband	800.000	Kommunen har søkt og fått tilskot frå fylkeskommunen slik at dei planlagte tiltaka er gjennomførte. Det er eit spørsmål om kommunen skal prioritera ytterlegare tiltak innan breiband eller om midlane skal omdisponerast t.d. til anna infrastrukturtiltak.
Planlegging veg til idrettsanlegget:	2.000.000	
Førebyggjande ungdomsarbeid	1.500.000	Nytta til utvida kulturskuletilbod 50.000 pr. år
Musikkbinge	500.000	Ferdig, sett av midlar til drift kr 28.605 pr. år
Kunstgrasbane	1.400.000	
Vegvedlikehald	2.000.000	Ferdig

	R-2012	R-2013	B- 2014	B- 2015	B- 2016	B-2017	B-2018	Rest
Breiband			107 000					693 000
Veg til idrettsanlegg								2 000 000
Førebyggjande ungdomsarbeid			50 000	50 000	50 000	50 000	50 000	1 250 000
Musikkbinge		158 563	28 605	28 605	28 605	28 605	28 605	198 412
Kunstgrasbane								1 400 000
Vegvedlikehald	1 689 981	310 019						0
Vedtak 63/13 :								
KLP EK-tilskot			1 076 000					-1 076 000
Lån til Steinsland			700 000	-700 000				0
Lån til E-skatt			1 000 000	-1 000 000				0
Sum	1 689 981	468 582	2 961 605	-921 395	78 605	78 605	78 605	4 465 412

R = rekneskap, B = budsjett

Investeringar

I tabellen under er det sett opp alle tiltak som er vedtekne og delvis starta opp. To nye tiltak som det ikkje ligg føre vedtak om er ført opp på lista. Dette gjeld opprusting avløp. Jmf. diskusjon over. Og ei større oppgradering av den delen av sjukeheimen som ikkje skal rivast.

	2014	2015	2016	2017	2018
Ny Sjukeheim	20 000 000	55 600 000	20 000 000		
Bu og aktiviseringsenter.	5 553 750	3 159 250			
VA Bjørkheim	2 500 000				
Opprusting veg	500 000				
Industri Rolvsvåg	4 068 375				
Vassforsyning Frøland	6 270 000				
VA Eikedal	7 725 000				
Opprusting avløp		1 000 000	1 000 000		
Større vedlikehald 95- bygg sjukeheim	700 000				
Sum investering	47 317 125	59 759 250	21 000 000	0	0
Finansiering: lån	-40 841 600	- 46 800 000	-1 000 000		
tilskot		-1 548 000	-16 152 000		
Momsrefusjon	-5 775 525	-11 411 250	- 3 848 000		
Bruk av næringsfondet	• 700 000				
Sum finansiering	-47 317 125	- 59 759 250	-21 000 000	0	0

Alle lån er lagt inn med avdragstid på 50 år og avdragsfrie år i byggeperioden. Det er og budsjettet med å bokføre renteutgifter i byggeperioden på dei største investeringsprosjekta med totalt kr 1,2 mill i 2014 og kr 0,4 mill i 2015.

Det var i økonomiplan 2014-2017 lagt opp til at det skal seljast tomtar på Steinsland, og laga ny reguleringsplan. Oppstartstidspunkt for arbeidet er ikkje bestemt og tiltaket ligg ikkje inn i denne økonomiplanen.

DEL 2 – STYRINGSdokUMENT- TENESTEOMRÅDA

Generelle merknader

Det vert gjennomført brukarundersøkingar og medarbeidarkartleggingar i Samnanger anna kvart år, - i partalsår. Undersøkingane vert gjort om hausten, og resultatane frå undersøkingane i år ligg derfor ikkje føre. Samnanger kommune har som mål å vera minst like god som landsgjennomsnittet eller betre dersom kommunen tidlegare har lagt over denne scoren. For nærare presentasjon av oppbygginga av undersøkingane vert det vist til økonomiplan for 2014 - 2017.

Rådmannen har under arbeid ein gjennomgang av den administrative organisasjonen. Arbeidet er planlagt ferdig i september/oktober 2014. Det gjer at det ikkje vert foreslått endringar i stillingar knytt til administrasjon og leiing i denne planen. Spørsmål om auka ressursar evt. flytting av ressursar vil verta teke opp i budsjetthandsaminga i desember. Ressurssituasjonen til den type stillingar som kan verta omfatta av utgreiingsarbeidet vert derfor i liten grad kommentert.

Som nemnd inneingsvis er det mange type problemstillingar som ikkje er tekne opp i dette dokumentet. Det kan også vera problemstillingar med direkte konsekvensar for budsjettet. Sidan me ikkje har reserver og me har strekt dei fleste inntektskjeldene langt, inneber det at me i samband med handsaming av framtidige årsbudsjett vil verta nødt til å foreslå reduksjonar for å kunne løysa alle oppgåvene.

Styringsdokument for tenesteområde – Rådmannskontoret

Tenesteområde, organisasjon

Området dekker rådmannskontoret med 2 årsverk og pedagogisk teneste med 1 årsverk. Rådmannskontoret utgjer toppleiinga og har det overordna ansvaret for organisasjonen, tenestene, plan, næring og beredskap. Pedagogisk teneste utgjer skuleeigar sin skule og barnehagefagleg forvaltning og utvikling.

Utfordringar

- Omfattande saksfelt, vanskeleg å ha fokus på samfunnsutvikling og overordna styring, Dagane vert mykje oppdelte.
- Næring – ikkje eigne tilsette. M.a. Hordaland fylkeskommune forventar at kommunane er aktive medspelarar.
- Marknadsføring – omdømmebygging. Stadig etterspurd ikkje minst frå politikarane
- Beredskap – tilsyn/internkontroll
- Pedagogisk teneste – gjennomføra tilsyn og internkontroll og forvalta vaksenopplæring. Ha fokus på kvalitet i skule og barnehage og sikra godt læringsutbyte for alle.

Prioriterte arbeidsoppgåver

- Samfunnsutvikling – oppfølging av måla i samfunnsdelen av kommuneplanen. Legge til rette for vekst.

- Bidra til at kommunen er aktiv med i kommunereforma.
- Overordna styring og leiing, organisasjonsutvikling
- Kommuneplan - arealdelen
- Intern kontroll med fokus på kvalitet og effektivitet i tenesteproduksjon.
- Oppfølging av resultat i brukarundersøkingar og medarbeidarkartlegginga.

Sjukesfråvær: ≤ 3,8%

Driftsbudsjett Vedteken driftsramme for 2014 vert vidareført i planperioden.

Det er tidlegare lagt til grunn at rådmannen skulle få tilført ei 100% stilling for å få gjennomført dei mange oppgåvene. Både pga. økonomien, men også i påvente av moglege endringar i organisasjonsstrukturen, vil ein avvente denne diskusjonen til budsjetthandsaminga i desember.

Styringsdokument for tenesteområde – Interne tenester

Teneste, Organisasjon

Eining for interne tenester har ansvar for diverse felles-funksjonar og stabsfunksjonar innan økonomi, personal, it, arkiv og politisk sekretariat.

Mykje av arbeidsoppgåvene er retta mot den øvrige kommuneorganisasjonen inkl. politikanane. Eininga har ein funksjon ut mot lokalsamfunnet knytt til informasjon gjennom at dei har ansvaret for heimesida. Eininga har og teke eit samfunnsansvar med arbeidet sitt knytt til breiband.

	årsverk
Økonomi, løn og personal	5,0
Fellestener/politisk sekretariat	2,95
Reinhald kommunehuset	0,45
IKT - informasjon- og kommunikasjonsteknologi	2,00
Einingsleiar	1,00
Sum årsverk i alt	10,4
Tal tilsette	13

Utfordringar

- Aukande krav til dokumentasjon og innsyn.
- Mange saksområde der nokre av dei utløyser mindre enn heil stilling. Det gjer at personalet også må arbeida innan område der dei ikkje har fullgod kompetanse. Det kan derfor skje at arbeidet vert utført på ein mindre effektiv måte enn ønskja.
- Manglande kompetanse. Krav om openheit og innsyn er krevjande å handtera ikkje minst i eit lite lokalsamfunn. Me opplever aukande behov for å ta kontakt med personar med juridisk kompetanse. Innkjøp er eit anna område der me ikkje har god nok kompetanse.
- Innan fleire av tenestene i denne eininga kan interkommunalt samarbeid/kjøp av tenester vera aktuelt ut frå ønskje om innsparing og/eller auka kompetanse. Dette kan vera fornuftig når ein vurderer ei teneste isolert sett, men det kan vera utfordrande om organisasjonen på den måten vert så liten at andre tenesteområde vert skadelidande Jmf. diskusjonen om kjøp av skatteoppkrevjar.

Prioriterte arbeidsoppgåver

- Samfunnsutvikling – oppfølging av måla i samfunnsdelen av kommuneplanen.
 - innan Ikt- området. Det digitale Noreg.
 - at organisasjonen har tilstrekkelege og oppdaterte programvarer/digitale verktøy og kompetanse til å bruka dei
- Ei eining som arbeider på dei rette oppgåvene innan tilmålte ressursar.
- Legga til rette for innsyn og openheit
- Bidra til at kommunen er aktiv med i kommunereforma.
- Oppfølging av resultatata i brukarundersøkingar og medarbeidarkartlegginga.

Sjukefråvær: ≤ 3,8%

Driftsbudsjett Vedteken driftsramme for 2014 vert vidareført i planperioden med fylgjande endringar

	2015	2016	2017	2018
Val	150.000		90.000	

Styringsdokument for tenesteområde – Barnehage

Tenester, Organisering

Det er totalt 3 barnehagar i Samnanger med tilbod til om lag 125 barn. Det er to kommunale barnehagar som er organisert i ei eining. Det er ein privat barnehage. I tillegg vert det betalt tilskot til private barnehagar utanføre kommunen fordi barn frå Samnanger går her. I tillegg til å yta tilskot etter bestemt regelverk til den private barnehagen har også kommunen i følgje Lov om barnehagar § 8 kommunen ansvar å vera forvaltnings- og tilsynsmynde ovanfor denne.

Årsverk

Pr. 01.08.13	Kommunal	Privat	Totalt
Styrar	2,6	0,45	3,05
Pedagogisk leiar	8,40	2,0	10,4
Assistentar	17,8	3,0	20,2
Assistent styrka	2,1	0	2,1
Sum	30,90	5,45	36,35
Adel pedagog u. godkjent utd.	0	0	0
Tal personar	35	5	40

I tillegg til årsverka ovanfor gir ein 50% pedagog styrka tiltak i alle barnehagane.

Mål for den kommunale barnehagen



Barn og vaksne skal arbeida saman for å skapa ein god kvardag for alle involverte
- Saman skal me gjera kvar dag til noko som er verd å ta med seg vidare

Utfordringar

- Likeverdig handsaming av kommunal og privat barnehage. Dette kan vera utfordrande. Eit døme på det er at når kommunen driv med overkapasitet for til ei kvar tid å kunne tilby ledig plass, medfører det større tilskot til den private barnehagen enn om drifta til ei kvar tid samsvarer med barnetalet.
- Kontinuerleg barnehageopptak gjer at me må gå med overkapasitet, noko som kan vera vanskeleg å prioritera når økonomien er stram.

Prioriterte arbeidsoppgåver

- Kvalitet på tilbodet
- Behalda og rekruttera kvalifisert personale
- Arbeida aktivt i det tverrfaglege samarbeidet om psykisk helse for barn og unge
- Oppfølging av resultatata i brukarundersøkingar og medarbeidarkartlegginga

Sjukefråvær: ≤ 7,3%

Driftsbudsjett Vedteken driftsramme for 2014 vert vidareført i planperioden med fylgjande endringar

	2015	2016	2017	2018
Auka foreldrebetaling	83 000	83 000	83 000	83 000

Styringsdokument for tenesteområde – Skulane

Visjon for skulane i Samnanger : *Ein god stad å vera, ein god stad å læra.*

Tenesteområde, organisasjon

Samnanger barneskule (SBS) har eit elevtal på 191 og 10 klassar våren 2014. Hausten 2014 er det stipulert 203 elevar og 11 klassar . I SFO er det 48 barn. Samnanger ungdomsskule (SUS) har om våren 89 elevar og 4 klassar. Hausten 2014 er det stipulert med 78 elevar fordelt på 3 klassar.

Organisasjon og medarbeidarar SBS og SUS

Tala er frå GSI pr. 01.10.13, og er lik for våren 2014.

Årsverk 2013	SBS	SUS
Sum skuleleiing	2,50	1,70
Sum Pedagogisk personale	18,34	12,54
Assistentar skule	7,07	1,82
Assistentar SFO	2,26	0
Reinhald	1,95	1,73
Sum års verk i alt	32,12	17,79
Tal tilsette	43	26

Utfordringar

- Elevar som slit med motivasjon og med eigen helse
- Elevtal som ligg rundt delingstalet for gruppedeling gjev usikkerheit omkring talet klassar og delingstimar skulane skal få tildelt.
- Halda oppe god kompetanse i alle fag. Utfordringa er størst på ungdomsskulen både fordi krava til spesifikke fagkompetanse her er størst, men og fordi personalet her er avgrensa når elevtalet går ned.

Prioriterte arbeidsoppgåver

- Delta aktivt i tverrfagleg samarbeid om psykisk helse for barn og unge
- Sikra god kompetanse i alle fag
- Kvalifiserte vikarar også ved sjukefråvær.
- Motivera elevane
- Sikra alle elevane læringsutbytte.
- Følgja opp resultatata i elevundersøkingar og medarbeidarkartleggingar.

Sjukefråvær: ≤ 4,7%

Driftsbudsjett Vedteke driftsramme for 2014 vert vidareført i planperioden med fylgjande endringar:

Det er i økonomiplanen lagt inn dei økonomiske konsekvensane av at tal klassar varierer.

	2015	2016	2017	2018
Reduksjon i assistentressurs barneskulen	- 137 000	-137 000	-137 000	-137 000

Styringsdokument for tenesteområde – Kultur

Visjonen vår er ”kultur for alle”. For å nå hovudmålet bør det vera større mangfald i kulturaktivitetane og eit breiare kulturtilbod.

I kulturlova heiter det at ”...kommunen skal syta for økonomiske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for et breitt spekter av kulturverksemd lokalt”.

Tenesteområde, organisasjon

Eininga sitt ansvarsområde er:
kulturaktivitetar, idrett og friluftsliv,
kulturminne, stadnamn, kulturbasert
næring, reiseliv, folkehelse, folkebibliotek
og kulturskule.

Årsverk	2014	
Sum kulturkontor	200 %	
Sum Kulturskulen	314,15 %	(1+10 stk)
Sum Folkebibliotek	77 %	
Sum årsverk i alt	591,15 %	
Tal tilsette	14	

(%) fordelt på type stillingar. Pr. 1.11.13

Utfordringar

- Større mangfald i kulturaktivitetane og eit breiare kulturtilbod, samt fokus på folkehelse innanfor tildelt ramme.
- Den gruppa som er ofte fell utanfor er ungdom og yngre vaksne. For å kunne nå målet om *kultur for alle* må det vera eit ekstra fokus på den gruppa.
- Folkehelsearbeidet er avhengig av at kultureininga får til samarbeid på tvers av einingane.
- Samnanger folkebibliotek lir under at lokala og tilgjenge til det ikkje gjer det mogeleg å oppfylle dei måla som er nemnt i kulturplanen.
- Ønskje om å få auka rammetimetalet i kulturskulen, spesielt til elevane som går på vidaregåande skule.

Prioriterte arbeidsoppgåver

- Å få auke aktivitet på kulturområdet i kommunen.
- Finna løysingar – mellombelse eller permanente – for å sikra betre tilgang til biblioteket
- God kvalitet på tenestene - Utarbeida mål og delmål for kulturområdet sine tenester.
- Følgja opp innbyggjarundersøkinga med fokus på omdømmebygging. God sørvis – utarbeida sørviserklæringar og gjera dei kjende
- Dråpen som symbol – halda Visit Samnanger oppdatert og vidareutvikla portalen.
- Til ei kvar ha eit kulturskuletilbod som er etterspurd.

Sjukefråvær: ≤ 3,8%

Styringsdokument for tenesteområde – Sosial og helsetenester

Tenesteområde, organisasjon

Eininga forvaltar og utfører tenester innanfor NAV, barnevern, legeteneste, helsestasjon, jordmor, fysioterapi og psykolog. I tillegg kjem personale (små stillingar) på førstehjelpsbilen. Det vert også kjøpt inn spisskompetanse som t.d. psykolog, advokat og tilsynsførarar barnevern.

Årsverk	
Sum årsverk Helsetunet	5,77
Sum årsverk NAV/sosial	1,8
Sum årsverk Barnevern	2,6
Sum årsverk totalt	10,57
Sum totalt tilsette	20

Utfordringar

- Samhandlingsreforma - betre samhandling mellom 1. og 2. linetenesta
- Rusproblematikk - auka det førebyggjande arbeidet.
- Redusera tal langtidsmottakarar av økonomisk sosialhjelp ytterlegare.
- Betre integrering av flyktningane i lokalsamfunnet.
- Betre samarbeid om barn og unge internt i eininga og på tvers av einingane.
- Auka fokus på folkehelse.

Prioriterte oppgåver

- Ekstra fokus på førebyggjande arbeid
- Delta aktivt i tverrfagleg arbeid for å ivareta barn og unge på best mogleg måte
- Følgja opp interkommunalt samarbeid om barnevern
- Samhandlingsreforma
- Arbeida inn mot statlege myndigheiter for å få dekkja kommunen sine ekstraordinære utgifter til busetting av flyktningar.
- Gjennomgang av ressursar og bruk av desse for helsepersonellet

Sjukefråvær: ≤ 3,8%

Driftsbudsjett Vedteke driftsramme for 2014 vert vidareført i planperioden med fylgjande endringar

	2015	2016	2017	2018
Flyktningekonsulentstilling teken bort	-250 000	-250 000	-250 000	-250 000

Styringsdokument for tenesteområde – Pleie og omsorgstenester

Tenesteområde, organisasjon

Pleie og omsorgstenestene omfattar i tillegg til tenester primært til eldre – sjukeheim, heimesjukepleie og praktisk bistand i heimen – også psykiatritenester og tilbod til funksjonshemma. I tillegg til eigne tilsette leiger eininga inn personale frå vikarbyrå

Årsverk	2013
Sjukeheim	25,59
Open omsorg	11,47
Psykiatri	1,9
Funksjonshemma	12,58
Kjøkken	3,63
Dagsenter eldre	0,82
Reinhold	2,42
Sekretær	2,0*
Leiging	3,8**
Sum Årsverk	64,21

*20% prosjektstilling nysjukeheim.

Utfordringar

- Både samhandlingsreforma og den generelle samfunnsutviklinga har gitt kommunane større ansvar for stadig meir krevjande brukarar. Det krev auka kompetanse og truleg og auka kapasitet.
- Få gjennomført bygging av sjukeheim og senter for funksjonshemma
- Halda oppe eit godt tilbod i byggjeperioden
- Kompetente medarbeidarar, nok vikarar
- Avklaring av nivået på tenestene som er forankra i organisasjonen
VTA (varig tilrettelagt arbeid) plassar for dei som oppfyller kravet

Prioriterte oppgåver

- Få gjennomført dei store byggeprosjektet og samstundes halda opp kvaliteten på tenestene.
- Fylgja opp brukarundersøkingar og medarbeidarkartleggingar
- Ha fokus på sjukefråvær med tanke på å halda dette på eit akseptabelt nivå.

Sjukefråvær: ≤ 11%

Driftsbudsjett

Pga bygging av ny sjukeheim og nytt bu- og aktivitetssenter i perioden er det vanskeleg å laga eit godt budsjett. Det er føreset at det skal koma innsparingar i drifta sett bort frå kapitalutgiftene. I økonomiplanen er det lagt til grunn nokre innsparingar, men etter rådmannen si meining bør innsparingane verta større. Omfattande omsorgstilbod og utviklinga her gjer at me likevel har valde å vera forsiktige med tanke på effektiviseringsgevinsten.

Vedteken driftsramme for 2014 vert vidareført i planperioden med fylgjande reduksjonar

	2015	2016	2017	2018
Mellombels drift – innsparing kjøkken	-300 000	-230 000	-100 000	-100 000
Effektivisering av drifta v. ny sjukeheim, pleie, reinhold, straum			-600 000	-600 000
Inndraging av kortvakt sjukeheimen	-433 000	-533 000	-433 000	-433 000
Reduksjon i ekstraordinært omsorgsprosjekt		-5 200 000	-5 200 000	-5 200 000

Styringsdokument for tenesteområde – Tekniske tenester

Tenesteområde, organisasjon

Eininga har oppgåver innan områda planlegging, byggje- og delesaker, brann, kart og oppmåling, miljø og naturforvaltning samt at den har ansvar for drift og vedlikehald av veg, vatn, avløp, bygg og uteområde. Teknisk har og eit viktig ansvar for arbeidet med utvikling av kommunen.

Årsverk	2014	Merknad
Tekniskstab/plan	4,28	Byggesak, oppmåling m.m.
Brann/feiring		Ca 15 personar som deltidstilsette brannmenn. Feiring vert utført som kjøpte tenester. Brannsamarbeid med Bergen frå 01.01.14. Går ein del ressursar med som bindeledd og ansvarleg for bilar og utstyr. Det siste vert utført av ein som er oppført under VVA.
VVA	2,87	
Eigedom	3,74	
Kyrkjegard	0,85	Teknisk eining overtok ansvaret for drift av kyrkjegarden I 2012
Miljø	0,2	
Prosjekt	1,0	Fordelt i investeringsbudsjettet
Sum Årsverk	13,6	
Tal personar	16	

Det vert og kjøpt inn tenester som inngår i planlegging og utviklingsarbeid og til ulike vedlikehaldsoppgåver.

Utfordringar

- Stadig strengare krav til standardar – krev auka kompetanse og dokumentasjon
- Komplekst lovverk – t.d plan- og bygningslova og lov om offentleg innkjøp –
- Stort etterslep på vedlikehald, VVA, eigedom og uteområde.
- Tidsfristar for svar og tilbakemeldingar
- Kvalitet på tenestene
- Samfunnsutvikling – framdrift på prosjekt
- Overtaking av fylkesvegar

Prioriterte oppgåver

- Kommuneplanen sin arealdel
- Oppfølging av områdeplan for Bjørkheim – viktig for å nå hovudmålsettinga i kommuneplan om å få auke i folketalet
- Omdømmebygging – arbeid med tenestemøtar som ledd i dette
- Oppfølging av brukarundersøking og medarbeidarkartlegging
- Gode plandokument om standard og plan for vedlikehald og utbygging av infrastruktur. Det skal m.a. sikra eit godt beslutningsgrunnlag både for politiske og administrative vedtak/prioriteringar.

Sjukefråvær: ≤ 3,8%

Driftsbudsjett Vedteke driftsramme for 2014 vert korrigert for tiltak som vart løyvd berre for 2014 (Ekstra vegvedlikehald). Korrigert løyving for 2014 vert vidareført i planperioden med fylgjande endringar

	2015	2016	2017	2018
Brann	200 000	100 000	100 000	100 000

ØKONOMIPLAN 2015 - 2018 – LANDBRUK

Det er lagt til grunn uendra overføring til landbruk i heile planperioden.

ØKONOMIPLAN 2015 - 2018 – KYRKJA

Kyrkja har utarbeidd framlegg til økonomiplan. Denne er framlagt for formannskapet tidlegare. Rådmannen har ikkje lagt opp til endringar i tilskotet til kyrkja